



Kunnskapsdepartement

Pb 8119
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
2010/2748 - 3183/2011

Saksh. – tlf.
Ellen Margrethe Hansen - 55 09 72 41

Dato
14.02.2011

Høringsuttale - Rapporten "Kulturskoleløftet - kulturskole for alle"

"Kulturskolen for alle"

Kunnskapsdepartementet oppretta den 22. desember 2009 eit utval for å utgreia utfordringar og muligheiter ved eit større samarbeid mellom kulturskule, grunnskule og skulefritidsordning (SFO): Utvalet skulle komma med forslag til korleis kulturaktivitetar betre kan knytast til skuledagen. I tillegg skulle utvalet synleggjera ulike alternativ som kan bidra til å sikra eit forsterka og likeverdig kulturskuletilbod for fleire barn til ein rimeligare pris, med god kvalitet og effektiv utnytting av ressursane.

Kulturløftet 2 initierte utvalet sitt arbeid:

"Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskuletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskuletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes..."

Utvalet la 7. september 2010 fram rapporten "Kulturløftet – kulturskole for alle". Høringsfristen er sett til 14.02.2011.

Innleiing

Kulturskulen i Fjell kommune vart oppretta i 1978. Skulen har i dag ca 500 elevar fordelt på fire fagfelt musikk, dans, drama og kunst. Elevane i kulturskulen er i alderen 0-100 år. Barn i førskulealder deltar saman med ein vaksenperson frå heimen. Eldre menneske får tilbodet via Senter for musikk og glede, som Fjell kulturskule starta opp hausten 2009. Senter for musikk og glede gir samspillstilbod til elevar med særlege behov. Skulen er også ansvarlig for organisering av Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. I 2010 ble Fjell kommune kåra til Årets kulturskolekommune av Norsk Kulturskoleråd.

Målsettingar og forventningar

Regjeringa har som kjent plassert kulturskulen på den politiske dagsorden gjennom Soria Moria - erklæringa og Kulturløftet 1 og 2. ”*Alle barn som ønsker det skal få et godt kvalitetsmessing kulturskoletilbud*” er målsettinga. Rapporten skaper og forventningar om eit auka nasjonalt fokus, slik at alle kommunar får nødvendig støtte til å utvikla kulturskulen vidare.

Fjell kommune støttar denne målsettinga, men peikar også på at vidareutvikling av kulturskulen er heilt avhengig av auka nasjonal støtte/stimulering for å nå målsettinga.

Kulturskuletilbod til alle barn som ønskjer det

Rapporten legger stor vekt på at kulturskulen skal være eit tilbod til alle barn – uavhengig av familien si inntekt og sosiale/kulturelle bakgrunn. Sentrale tiltak i rapporten er: ”*Spredning på ulike alderstrinn, bredde i undervisningstilbudet, økonomiske rammevilkår, tilgjengelige tilbod for alle lag av befolkninga, samarbeid med skoleverket og SFO.*”

Fjell kommune støttar utvalet si målsetting om at kulturskule skal være eit tilbod til alle barn, uavhengig av økonomisk, sosial-/kulturell status og bakgrunn. For å nå denne målsettinga i kulturskuledrifta møter ein på nokre utfordringar:

Maksimumspris (kr 2000)

Utvalet foreslår å innføra maksimumspris for skulepengar. Fjell kommune støtter forslaget om maksimumspris, men understrekar at maksimumsprisen ikkje må føra til at færre elever får tilbodet. Kulturskulen må kvalitetssikrast på landsbasis gjennom stabil økonomi, drift, innhald og tilgjenge for alle interesserte til ein rimeleg pris. Auka utgifter for kommunane ved innføring av maksimumspris må kompenseras av auka overføringar frå staten.

Venteliste

Utvalet foreslår å redusera / fjerna ventelistene på elevplass til kulturskulen. Ventelista i Fjell kommune er i dag svært kort, og ein jobbar aktivt for å tilpassa undervisningstilbodet og drifta av skulen til etterspørselen. Fjell kommune støttar forslaget om at det skal utarbeidast ein plan for fjerning av ventelister når dei blir for lange.

Det er viktig at kulturskulen får driva både breidde- og talentopplæring, gruppe- og individuell undervisning. I dag er tilbodet kulturskolen kan gi til barn og unge i kunst- og kulturfag avhengig av den einskilde kommune sin økonomiske situasjon. Det økonomiske støtte- og stimuleringssystemet ein har i dag er for sårbart. Fjell kommune etterlyser derfor meir forutsigbare statlege ordningar for økonomi og drift.

Kulturskulen til 30 % av grunnskuleelevane

Stortinget har i ei årrekke hatt som målsetting å gi eit kulturskuletilbod til minst 30 % av alle barn i grunnskulealder. Denne målsettinga tar også utvalet opp.

Tal for 2010 viser at omlag 15 % av alle barn i grunnskulen i Noreg er elevar i kulturskulen. Når det gjeld barn som er på venteliste så viser det seg at ca 25 % av alle elevar i grunnskulen venter på eit tilbod, altså nesten dobbelt så mange. I Fjell kommune får 530 elevar eit tilbod, medan om lag 60 står på venteliste, dei fleste på song og i korps.

Fjell kommune støtter målsettinga om eit kulturskuletilbod til minimum 30 % av grunnskuleelevane. Fjell kommune oppfattar det slik at det bør setjast nasjonale kriterier for

kva slags tilbod som då skal med i statistikken. I dag er dette uklart. Prosjekt i ei veke i løpet av et skoleår til ei gruppe elevar ikkje er å rekna som eit fullverdig kulturskuletilbod.

Kulturskulen som kommunalt ressurscenter

I 1997 vart det lovfesta at *"alle kommuner alene eller i samarbeid med andre kommuner skal ha et musikk- og kulturskuletilbud til barn og unge"*. Dette har medført at mange kommunar har utvikla kulturskulen frå ein rein musikkskule til naturlege ressurscenter for både fritid, kulturliv og skule. Dette bygger utvalet vidare på.

Fjell kommune støttar denne målsettinga. Kulturskulen skal naturleg nok oppretthalda tradisjonell undervisning, men samstundes fungera som eit lokalt ressurscenter for kunst og kultur i lokalsamfunnet, eit ressurscenter for SFO, grunnskole, barnehage og frivillig kulturliv. Ressurscenter fordrar mellom anna godt samarbeid om stillingar og tilsetingar mellom kulturskule og til dømes barnehage, grunnskole, helse- og aldersinstitusjonar. Slik kan kunst- og kulturfaglig personale bli tilsett og administrert i kulturskulen og samstundes jobba ut mot institusjonane.

Fagleg kompetanseutvikling

Utvalet konkluderer i rapporten at det vil være *"behov for kompetanseutvidelse og kompetanseheving for mange kulturskoler"* for å nå målsettinga.

Fjell kommune støtter utvalet sin konklusjon. Kulturskulen er ein viktig og attraktiv arbeidsplass, som kan skaffe høgt utdanna kunstfagleg personell til lokalsamfunnet. Det er heilt naudsynt at dei tilsette i kulturskulen både har kunstfagleg og pedagogisk kompetanse. Ei framtidig utvikling av kulturskulen bør bety at dei tilsette i større grad får del i dei statlege kompetansehevingsmidlane. I dag er desse reservert pedagogisk personale i grunnskulen.

Det er og naudsynt med stimulering av utviklingsarbeid i høgskole- og universitetssystemet. Det bør utviklast gode utdanningstilbod som kvalifiserer for arbeid i kulturskole for framtida. Ein robust og framtidretta kulturskole bør i tillegg syte for gode etter- og vidareutdanningstilbod for tilsette i leiarstillingar.

Fjell kommune støtter forslaget som ligger i forskrifta om at alle kulturskular skal ha ein rektor.

Breitt, variert og inkluderande tilbod

Utvalet foreslår *"en nasjonal standard for en mangfoldig kulturskole, og ...utvikling av et rikt register av tilpassede lokale modeller."*

Vidare foreslår utvalet at kulturskuletilbodet er *"tilgjengelig for barn med innvandrerbakgrunn"*, og tilrettelegging for at *"også barn med spesielle behov kan ta del i og nyte godt av kunst opplevelse, og selv delta i utøvende virksomhet."*

Fjell kommune støtter forslaget om at alle kulturskular blir utvida til fleire kunstfag enn musikk, men det er viktig at ei utviding av tilbodet ikkje må gå ut over allereie eksisterande tilbod.

I større grad enn i dag bør alle kulturskular arbeide for å gi eit tilbod til elevar både under og over grunnskolealder, samt også eldre som i dag til dømes bur på institusjon. Kulturskulen bør ha ei sentral rolle i å skapa eit godt lokalt oppvekstmiljø for både barn, ungdom og eldre. Med ei sterkare nasjonal satsing på kulturskulen så vil ein på sikt kunna tilby eit allsidig og utvida tilbod for alle aldersgrupper, frå 0-100 år.

Døme på dette kan vera grupper for foreldre/barn, barnehage, grunnskole, SFO, elever i vidaregåande skule som ikkje vel estetisk linje, vaksne, pensjonistar eller institusjonsbuarar.

Økonomi

Utvalet peikar på at allereie avsette stimuleringsmidlar i statsbudsjettet 2010 må ”ses på som en start på en større opptrappingsplan”. Utvalet drøftar i tillegg to alternative tilskotsordningar til kommunane:

1. *Utviklingsmidler til kulturskulen (midler tildelt etter søknad)*
2. *Stimuleringsmidler til kulturskulen*

Fjell kommune støttar i all hovudsak utvalet sitt forslag til tilskotsordning 2 (*Stimuleringsmidler til kulturskulen*). Denne ordninga er basert på at kommunane opprettheld sin ressursbruk på same nivå som i dag. Kommunar som reduserer eige bidrag bør ikkje få tilskot.

Ordning med utviklingsmidlar kan vera positivt for nytenking og utviklingsarbeid, men forsøksordningar har ofte tendens til å forsvinne etter at tilskotsperioden er over. Det vert i tillegg lagt ned myke administrasjonstid i søknads- og rapporteringsarbeid.

Fjell kommune meiner at kvalitetssikring og likeverdig utvikling av kulturskulen ikkje berre kan basera seg på ei ordning med utviklingsmidlar. For å stimulere til nytenking kunne ein likevel tenkt seg ein kombinasjon her, med stimuleringsmidlar og ein mindre pott til utvikling.

Forskrift

Utvalet foreslår at ein utarbeider ei nasjonal forskrift for kulturskule. Intensjonen her er å gi føringar for innhald, kvalitet og volum for kulturskuledrifta. Fjell kommune støtter kulturskuleutvalet sitt forslag. Forskrift kan være avklarande, både i høve til dimensjonering av kulturskuletilbodet og gi retningsliner for vidare satsing.

Oppsummering

- Rapporten skaper forventning om økt nasjonalt fokus slik at kommunane får nødvendig støtte til å utvikla kulturskulen vidare
- Utvalet bygger rapporten sin på målsettinga at kulturskulen skal vera eit ressurscenter for lokalsamfunnet. Fjell kommune støtter denne målsettinga
- Fjell kommune støtter i hovudsak utvalet si tilskotsordning 2 (stimuleringsmidlar til kulturskulen). Ei kvalitetssikra og likeverdig utvikling av kulturskulen kan ikkje basere seg einseitig på ei ordning med utviklingsmidlar, men ein ønskjer likevel å stimulera til utvikling ved å ha ein pott til utviklingsprosjekt.
- Fjell kommune støtter utvalet sitt forslag om å utarbeida ei nasjonal forskrift for kulturskulen

Med helsing

Ellen Margrethe Hansen
Skulesjef

Bjørn Andersen
Rektor Fjell kulturskule